



Kjartan og Knut Gilberto klare for NM i Judo (foto: Ola Matti Mathisen).

Kjartan Bauge og Knut Gilberto Sæbø skal begge vera med til NM i judo i Ålesund kommande helg. Med Kjartan og Knut Gilberto reiser det til saman sju deltakarar frå Rosendal Turnlag. Det er Elisabeth Jørgensen, Irene Bjørke, Thomas Hutcheson, Marius L. Torjusen og Trygve B. Torjusen. Dette er første gong Knut Gilberto er med på NM i judo. Kjartan har allereie vore med 3 gonger. Begge gler seg veldig, og håpar sjølv sagt på ei god plassering.

Kjartan deltek i klassane ungdomA under 73 kg og junior under 73kg. Knut Gilberto deltek i ungdomB under 60 kg. Klasseinndelinga A og ungdom B går kun på alder. Begge har trent godt i haust, men kan venta seg tøff motstand i NM. Dei trener 1 gong i veka i gymsalen på Seim. Det har dei gjort dei siste 3 åra. Knut Gilberto som aldri har vert med på NM før gruer seg litt. Han er redd han kjem til å tape, men håpar på i alle fall 1 eller 2 sejarar. Kjartan gler seg til å kjempe mot folk han ikkje kjenner, men veit at motstanden kjem til å bli hard. Begge to syns det er kjekt med judo sidan dei kan gjere noko dei likar samtidig som dei får trent. Det kjekkaste er kanskje å kunne sloss utan å få kjeft av mor. Knut Gilberto legger til at sidan han er med på NM slepper han også ein skuledag... Begge trur det kjem til å halde på med judo i framtida i alle fall så lenge det lar seg gjera. Vi ynskjer alle saman lykke til i NM.
Av Karoline Neset